Meldingsblad

Nr. 2 2026 - 38. årgang

Varhaug Misjonshus



normisjon

NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND

Innhald:

Ruth frå Nærland	Side 4 - 6	Julemesser	Side 12 - 15
Ungdomslaget	Side 7	Speideren	Side 20 - 21
Andakt	Side 8	Mi bok	Side 31
Min song	Side 9	Der Meistern vandra	Side 32 - 33

ODLAND A/S
FORSKALING OG STØYPING

PS service

Alt i oppmerking av
parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51 43 09 37
Fax: 51 43 33 64
Mobil: 908 89 556

Rogaland Bildeler a/s
Alt i bildeler / kjøp av bilvrak

Bilopphugging og stort delelager.
Ytre Torvhusv., 4370 EGERSUND
TLF: 51 49 49 50
FAKS: 51 49 49 60
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

SI BYGG
NORRØN GRUPPEN



FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningsliner som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus
1 - 2026
38. ÅRGANG

Eigarar
Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband
Leiar:
Berit Skretting,
Mob: 994 98 957

Det Norske Misjonsselskap
Leiar:
Njål Omland,
Mob: 916 89 177

Normisjon
Leiar:
Øystein Varhaug
Mob: 970 90 811

Indremisjonsforbundet
Formann:
Toralf Liene
Mob: 951 69 466

http://www.varhaug-misjonshus.no

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.
Mob: 476 01 167
E-mail adresse:
post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:
Pb 103
4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag
kl 2000-2100

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:
E-mail:
redaksjonen@varhaug-misjonshus.no
Tlf. 900 58 503

I redaksjonen: Karin Lerbrekk, Kristian Skrettingland, Sjur Håland, Tom Magne Ueland og Per Åge Skretting



Frå redaksjonen

Då er haustsemesteret godt i gang på Varhaug misjonshus. Møtefrekvensen ser ikkje ut til å avta, heller tvert imot. Fleire av dei ulike laga og fellesskapa på Misjonshuset er i god gang etter sommaren med aktivitetane sine, og me ønskjer velkommen til å vere med.

Me skreiv i sist blad at Varhaug ungdomskor var i startgropa og hadde starta øvinger. Nå er dei i gang og har stilt opp på nokre møte.
Bileta på side 7 er frå eit møte i oktober.

Sentrum menighet kjører på med nye arrangement. Det kan de sjå på sidene 22 til 27.

Nytt program er bla. Småbarnstreff.

I fjor var det 17 som gjekk til konfirmantførebuinng. Nå har 21 starta og skal konfirmerast i april 2027. Arbeidet med AWANA fortset. Då konfirmantane vart presenterte på gudstenesta den 18. oktober var storesalen fullsett. Standard oppsett med stolar i storesalen er ca 280. Det måtte setjast inn nokre ekstra stolar denne gongen. Då barna gjekk ut for å vera på AWANA vart storesalen omtrent halvfull.

Arbeidet med å førebu julemessene er godt i gang. Oversikt på side 12 til 15.

Auestadbasaren vert 9. jan kl 12, 2027 med jubileumsfest kl 19 same dag. Velkommen til basar og fest! Det er 150 år sidan første basar.

Kristian Skrettingland har gjort seg nokre tankar om speidararbeidet på Varhaug.

Per Åge Skretting
redaktør

Oppdatert oversikt over møter framover er å finna på nettsida: www.varhaug-misjonshus.no
Klikk på møteplan og så møtebok.

Ruth – ein virvelvind av liv



Sjur Håland

Me har minimalt med virvelvindar og tornadoar i bygda vår og landet vårt. Men heldigvis har me ei som fell inn under denne kategorien – på den gode og positive måten. Ruth Einervoll.

Eller fru Einervoll, som han som skriv denne teksten plar seia.

Slik var det før i verda. Kvinner som flytte til bygda vart gjerne tittelert med fru eller frøken. Slik vart det også med Ruth frå Nærland.

– Ja, tenk, slik var det. Eg måtte mange gonger seia at eg heiter altså Ruth, seier ho, og ler.

Ruth tek imot meg med eit smil, eit fast og livleg blikk og eit handtrykk som er både varmt og sterkt. I leilegheita i Ingridtunet har ho det lettstelt. Underteikna har lite greie på interiør, men det slår meg at her kunne det like gjerne budd ei kvinne på 38.

Her har ho vid utsikt over delar av Jæren, kor ho er fødd, oppvaksen og har levd mesteparten av livet.

– Eg har alltid likt å ha det travelt og å arbeida, seier Ruth.

Gardajente

Ho vart fødd i 1927 som nummer åtte i ein søskenflokk på ti på ein stor gard på Nærland. Foreldra var Louise og Enok Nærland.

– Det var ein god plass og ein veldig god heim å veksa opp i, seier ho.

For kort tid sidan var ho på Nærland på eit søskenbarntreff for den yngre generasjonen.

– Det var berre eg og ei svigerinne att av vår generasjon, men det var gildt å møta alle etterkomarane våre.

Arbeid og plikter følgde med oppvekståra også på Nærland.

– Etter skuledagen på Høyland var over, gjorde me lekser fram til mellommat. Så var det å arbeida inne, i fjøset eller ute på jordene fram til kvelds.

Etter konfirmasjonen byrja ho på framhaldsskulen. Då var landet okkupert, og kampen mot nazifiseringa av skulen vart stadig hardare. Våren 1942 aksjonerte okkupasjonsmakta mot lærarane som hadde protestert, og skulegangen tok dermed ein brå slutt for den unge jenta.

Årstal og hendingar sit klistra i minnet til Ruth. Og ho er, typisk for hennar generasjon, flink til å fortelja.

I 1943 byrja ho på realskulen på Hinna.

– Eg hadde hybel hjå foreldra til Jenny Skaar i Stavanger i to år. Etterpå, då krigen var slutt, budde eg på hybel hjå eine søster mi som var gift og budde på Mariero. Då gjekk eg tredje året på Hana i Sandnes.

– Du likte deg på skulen?

– Ja, det gjorde eg.

Etter realskulen tok ho handelsskulen i Ålesund. Årsaka til at ho drog dit var at eine søstera hennar, Liv, var gift der oppe og Ruth kunne bu hjå henne.

– Då hadde Liv nyleg fått første barnet sitt. Ho var eg fadder for, og ho var nyleg på besøk hjå meg.

Det var i den store byen på Sunnmøre at yrkeskarrieren tok til. Ho fekk tilbod om å arbeida som assistent for ein høgsterettsadvokat.

Og det er nå Ruth Einervoll nok ein gong både imponerer og sjarmerer han som skriv denne teksten:

– Denne høgsterettsadvokaten fekk eg mange år seinare helsing frå gjennom din morfar, Magnus Hobberstad. Dei to hadde treft kvarandre i Haugesund.

Etter Ålesund vende Ruth sørover til heimlege trakter att. Først arbeidde ho på heradskontoret i det som den gongen var Nærbø kommune. Her hadde ho oppgåver knytte til både formannskapet og kommunekassen.

– Eg hadde mellom mykje anna ansvar for å betala ut barnetrygd og alderstrygd i kontante



pengar til dei som hadde krav på dette, smilar ho.

Etter kommunesamanslåinga i 1964 trefte ho på likningssjefen i Hå kommune. Han hadde behov for hjelp på kontoret.

– Her var eg eitt års tid før eg søkte om fast stilling. Den fekk eg, og der vart eg verande gjennom heile yrkeskarrieren. Her var det greie kollegar og lett å trivast. I dei første åra var det seks dagars arbeidsveke som var normalt på den tida.

Ruth har arbeidd med skattelikning og tal heile sitt yrkesaktive liv. Det er kanskje blant årsakene til at årstal sit klistra i minnet.

Men arbeid var ikkje berre noko ho gjorde for å tena pengar.

– Eg har alltid likt å gå på arbeid. Og eg har alltid likt å arbeida i hagen.

Og den velstelte hagen var rundt det fine huset ho og mannen Olav hadde på Toppen.

– Faren min var nøye. Eg trur eg har det etter han.

Møtte Olav

– Korleis trefte du mannen din, Olav?

– Han var lensmannsbetjent i Varhaug og Nærbø. På rådhuset på Nærbø hadde han kontortid kvar tysdag. Slik trefte eg han. Eg sat på nabokontoret hans og hadde hybel på Nærbø. Det var langt til Nærland på den tida.

Dei to gifta seg i 1951. Først budde dei i «Velem-huset», i krysset der Toppavegen og Dysjalandsvegen møtest. I 1954 flytte dei inn i nybygd hus på Toppen.

I nabolaget på Toppen budde dei til dei flytte i leilegheita i Ingridtunet i 2010. Her fekk dei bu i lag fram til Olav døydde, 99 år gammal, i januar 2015.

Saknar bilen

Det er eit sakn å ikkje kunna køyra bil lenger, fortel Ruth. Ho slutta å køyra for fire år sidan.

– Men det må eg berre finna meg i.

Heldigvis har ho gode barn å støtta seg til.

– Hadde eg ikkje hatt dei gilde barna mine, Ellen og Odd, veit eg mest ikkje korleis eg skulle greidd meg.

Trua som grunnmur

Kristentrua har vore grunnmuren i livet hennar.

Ruth høyrer til kyrkja og Misjonshuset. Ho fortel om då ho var lita og gjekk på søndagsskulen, og om når familien høyrde på radiogudstenesta på søndagane dei gongene dei ikkje var i kyrkja.

– Forkynninga og truslivet har alltid vore viktig i livet mitt.

Moster hennar, Ruth Birkeland, reiste ut som misjonær til Madagaskar.

– Det er nok viktigaste årsaka til at Det Norske Misjonsselskap alltid har vore viktig, i tillegg til Normisjon, der eg har gått i kvinneforeininga like til ho vart lagt ned for få år sidan.

Mormora som flytta til Nærland då Ruth vart fødd tok seg av dei yngste i søskenflokken. Ho var eit bønemenneske, oppteken av at dei skulle treffast att i himmelen.

– Ho song ofte «Skal vi møtes hist ved floden», hugsar Ruth.

Ruth viser også til ein annan song som har betydd mykje for henne:

«Kjære Gud, når eg bed, la min tanke kvile i fred frå alt stress i verda omkring.»

Måtte bli ferdig

Eg meiner Ruth var pedell, ein slags vaktmeister, på Misjonshuset ein lang periode. Det seier ho at ho ikkje var.

Saken fortsetter på neste side

Men ho var med i byggekomiteen under den store påbygginga av kjøkken, matsal og ungdomsloft i 1983–87. Då var det mykje dugnadsarbeid.

– Eg kunne ikkje tømra, men eg kunne rydda og vaska. Det er nok difor du tenkjer eg var pedell.

– Du har aldri vore redd for å ta i eit tak?

– Nei. Eg hugsar det banka på eit kjellarvindauge på Misjonshuset ein laurdagskveld rundt klokka halv eitt. Olav hadde blitt redd for meg sidan eg ikkje kom heim, og sendte Ellen, som då var heime på besøk, for å sjå etter meg. Då stod eg og vaska eitt av romma. Eg måtte jo bli ferdig, kan du vita!

Det er Ruth i eit nøtteskal.

Livet til den aktive kvinna har blitt rolegare med åra. Likevel er strikketøyet aldri langt unna. Det fine handarbeidet blir gjerne levert til gjenbruksbutikk eller blir gevinstar på Varhaug bu- og velferdssenter sin basar.

Ein gong i veka er ho også innom der og får seg middag.

Ho les avisene på PC og løyser kryssorda i Aftenbladet og Jærbladet kvar veke. I tillegg har ho ført rekneskap over inntekter og utgifter i eige hushald frå ho vart gift.

Det mest utfordrande for Ruth no er dårleg syn og høyrsle samt vanskar med å gå.

– Kva set du mest pris på slik du har det i dag?

– At eg kan styra mi eiga tid og koma meg ut. Eg er så glad i folk, og kan ikkje sitja her og kikka på veggene ein heil dag.

– Du er 99 år. Kva er du mest takksam for?

– At eg får vera oppegåande og ha den himmelske kontakten med min frelsar. Eg er glad for å kunna be når noko er vanskeleg og vondt, men eg har mest å takka for.

Ruth minner om ei anna songstrofe:

«Eg kan ikkje telja dei alle, dei prov på Guds kjærleik eg får.»

– Eg har og har hatt det så godt. Gode barn, tre barnebarn og seks oldebarn. Tenk det!

Så smilar ho.

– Det er mest slik at eg tenkjer at eg ikkje kan reisa herifrå, for eg må jo følga med dei.

EL-TEAM
Elektroentreprenør
AUTORISERT ELINSTALLATØR
MEDLEM AV elkonor
Morenefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40
E-post: firmapost@el-team.net
www.el-team.net

Me ser fram til eit nytt år med ungdomslaget!

Haustsemesteret starta med Kick-Off 29. august, der me delte ut pengane me har samla inn til misjonsprosjektet, totalt 374 000 kr. Resten av hausten inneheld blant anna basar, tacokveld, bilrebus, jente- og guttekveld og grill ein kristen.
I tillegg blir det som vanleg nyttårsfeiring, skiweekend og 17. mai-fest! Til no har me hatt fleire kveldar med mykje ungdommar, både nye og gamle, frå Varhaug og bygdene rundt.



Varhaug ungdomskor

Vakru-styret 2026/27!



Frå venstre: Tone Lise Skretting, Ulrik Tjelmeland Lerbrekk, Tilla Erga, Helene Skrettingland, Christina Kydland, Kristine Ueland, Tor Arne Varhaug, Elling Hobberstad, Thea Aarsland, Elias Egeland



Fv.: Palmar Erga, Rebekka Håland og Olav Anda i for Ope Hus! Dei har ope kvar fredag, og fleire kveldar i romjula!

Andakt

Ulrik Tjelmeland Lerbrekk

18 år, frå Varhaug, tømrar lærling, musikar i lovsongsteam på Misjonshuset. Styremedlem i Varhaug kristelege ungdomslag.

«I det essensielle ha enighet, i det ikke essensielle ha frihet, men i alt ha kjærlighet»


Dette er en quote, som ungdommer sier. Med andre ord forklart «I det nødvendige ha enighet, i det tvilsomme ha frihet, men i alt ha kjærlighet». Det sitatet blir ofte referert til i teologen Augustin fordi sitatet passer han ganske godt, og var en av de mest siterte kirkefedrene, men han som faktisk skrev det, var en italiensk kirkemann som var erkebiskop i Split, Hans navn var Marco Antonio de Dominis. (For de som lurte på det)

Kristne kan ha mange ulike synspunkter på ting. Det kan for eksempel være dåp, skapelsen, nattverd, sakramenter, osv. Utenifra, fra et ikke-kristent perspektiv, kan det se ut som at vi er en gjeng som krangler mye.

Joh 13:34-35 «Et nytt bud gir jeg dere: Dere skal elske hverandre. Som jeg har elsket dere, skal dere elske hverandre. Ved dette skal alle forstå at dere er mine disipler: at dere har kjærlighet til hverandre.»

Om vi møter hverandre med godhet, kjærlighet og et ønske om å forstå hverandre rett, kan det være med å gi oss en forståelse av hvorfor vi kan være uenige. Og ja, jeg er enig i at det går ut over kristne sin troverdighet hvis vi konstant legger vekt på våre uenigheter. Det at vi kan tolke Bibelen forskjellig, tror jeg ikke tar vekk vår troverdighet.

En ting som er viktig å ha med seg, er at vi står fast på det mest sentrale i vår tro. Det er at Gud er skaperen, Han er en treenig Gud som har vist seg gjennom Jesus. Jesus døde på korset for alle mennesker og synder, og sto opp igjen fra de døde. Disse sentrale tingene i vår tro er noe alle kristne sier seg enige i, uansett



hvilken menighet en går i. Det er dette jeg vil kalle det essensielle og nødvendige i vår tro.

Efeserne 4: 4-6 «En kropp, en Ånd, slik dere fikk ett håp da dere ble kalt, en Herre, en tro en dåp, en Gud og alles Far, han som er over alle og gjennom alle og i alle»

Når det kommer til det ikke essensielle eller tvilsomme, kan det være uenigheter om dåp, om skapelsen: hvor bokstavelig man skal tolke Bibelen, og flere andre ting.

Om vi tar dåpen som et eksempel, går det ann å velge barnedåp eller voksendåp. Noen mener at det er barnedåp som er det rette, mens andre mener det motsatte. Det jeg synes er viktig med det ikke-essensielle, er at du kjenner deg hjemme dit du går, om det da er synet på dåp eller om det er hvordan predikanten taler. Det viktigste er at du finner en menighet som passer deg.

Til slutt vil jeg si til deg som leser dette, enten om du er troende eller ikke. La oss ikke være dømmende mot hverandre, for at den ene brenner for det ene og den andre for det andre. Møt heller hverandre med respekt og et oppriktig ønske om å forstå hverandre. Sitatet jeg startet med, valgte jeg fordi jeg synes det er utrolig fint. Dette er også noe alle bør tenke litt mer over. Og som det står i første Korinter 16:14: **«La alt dere gjør, skje i kjærlighet».**

Min song



Tor Arne Varhaug

22 år, frå Varhaug, maskinførar,
musikar i lovsongsteam på Misjonshuset.
Styremedlem i Varhaug kristelege ungdomslag

Då eg fekk spørsmål om å skriva om «min song», tenkte eg at eg måtte velja ein song som gjerne ikkje alle har høyrt før. Derfor valde eg songen **«Seilende Venn»** av songgruppa **«Guttane»** frå Vennesla. Songen kom i albumet «Upolert» i 2002. For meg var det viktig å velja ein song som betyr noko for meg, samt har fin melodi. I tillegg er eg glad i litt «eldre» type stil på songane. Songen samanliknar livet som menneske med å segla i ein båt på sjøen. I Markusevangeliet 4,35-41, kan me lesa om då Jesus stillar stormen. Jesus sovnar i båten medan dei er på sjøen og det byrjar å bli storm. Disiplane blir redde for at dei skal gå under med båten. Men Jesus seiar i Markus 4,40: «Kvifor er de så redde? Kvifor har de ikkje tru?». For meg handlar songen om denne historia. I songen syng dei: «Seilende venn du bør velge et sted, helvedes ild eller himmelens fred. Frelseren han kommer, til himlen meg bær, der jeg ei knuses mot klipper og skjær». Livet er ikkje alltid så enkelt. Me kan prøva så mykje me vil å stilla stormen på eiga hand, men det er berre Jesus som kan stilla stormen. Jesus er den trygge hamna. Han leiar oss gjennom og er med oss både når det er fint på sjøen og når det er bølger og skjær. Vel me tru på han og legg livet i hans hender, vil Jesus leia oss på rett veg til himmelen. Det betyr ikkje at livet er enkelt, men me kan ha ein tryggleik om at Jesus er med uansett og vil føra oss sikkert i hamn.



Nytt frå styret i misjonshuset

I vår hadde me ein runde på fasademaling rundt inngangspartiet på misjonshuset. Me tykte at resultatet vart godt, og me vil fortsetja med utendørsmaling til våren igjen.

Så har det nye loftet vorte teke i bruk, her er det styremøter, bønnemøter, komitemøter og Awana bruker alle dei nye romma, det er me glade for. Me hadde lyst å oppgradera bønnerommet, og der utfordra me ungdomslaget. Ein gjeng med ungdommar sette i gang med maling, fekk lagt nye golv fliser og montert nye møbler. Det vart eit flott resultat!

Det har vore ein fukt skade i golvet på kjøkkenet. Dette ville me fiksa i sommer, medan huset var i lite bruk. Når me reiv av golvet kom det fram at det var kondens frå kjøla som var årsaka. Me har lagt nytt golv og satt i ny kjøledør. Det vart i same vending satt inn nye lys armatur i taket, samt tak og vegger vart malt.

11. september hadde me den årlege basaren. Fjordingane frå Årdal song og Gaute Øgreid Rasmussen hadde andakt. Normisjon hadde rigga med kaffi og god mat. Ungdomslaget møtte godt fram og stod for trekning og utdeling av gevinstar.

Måndag 21. september var alle bruker grupper av misjonshuset innkalla til opplæring om brannvern. Dette er ein rutine som skal gjennomførast ein gong i året. Brannvernansvarleg for huset gjekk gjennom internkontrollrutinar, det vart gjort ein risikovurdering og me hadde befaring i bygningsmassen og såg på rømmingsvegar og sløkkeutstyr.

Me vil retta ein takk til alle som er med og bidreg til at huset er i så god stand som det er! Så vil me igjen utfordra fleire til å vera med å bidra for å oppretthalda standarden. Bygningsmassen er stor og det er stadig behov for vedlikehald. Har du lyst til å bidra så er det fantastisk om du tek kontakt med ein i styret!

Velkommen til misjonshuset utover hausten. Det er mykje å gleda seg til. Bruk gjerne heimesida vår www.varhaug-misjonshus.no, den vert kontinuerleg oppdatert.

God haust til alle frå styret i misjonshuset!



Fv.: Andreas Rasmussen, Per Arvid Jakobsen, Tarald Ånestad, Asgeir Lima Olsen, Glenn Skretting, Georg Høien, Grethe Håland og Steinar Ånestad

Auestad basaren 150 år 9. januar 2027

Då blir det både fest og basar. Det er ikkje kvar dag me feirar 150-års jubileum i bygda. Mange generasjonar kvinner i Auestadkrinsen, men også frå bygda elles, har hatt sin trufaste teneste i Auestad-foreininga opp gjennom åra. Foreininga høyrer inn under Det Norske Misjonsselskap (NMS). Den historiske dagen blir markert med den tradisjonsrike basaren klokka 12.00. Om kvelden blir det stor jubileumsfest klokka 19.00. Begge arrangementa på Varhaug Misjonshus.

Arrangementskomiteen håper på fullt hus på begge arrangementa. Programmet er ikkje ferdigspikra i skrivande stund, men det blir taler, historie, helsingar og mykje anna som høyrer til eit jubileum av dette slaget. Så blir det som alltid tid til å møta kjente rundt matborda som du ikkje har sett på ei stund.

Meir informasjon dukkar garantert opp etter kvart. Velkommen til basar og fest!

Sjur Håland

EIK SENTERET
Vi er der når du trenger oss
Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 · Tlf. 982 17 798
Hjemmeside: jts.as

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER
Elektrofag Jæren
Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no
En god kontakt på Jæren
EL-PROFFEN

Normisjons julemesse i Hå

VIGRESTSD MISJONSHUS 6. OG 7. NOVEMBER

Fredag:

Åpningsmøte kl 19.00

tale v/Ingunn Moi

Sang av Unni Vignes og Asbjørn Sivertsen

Lørdag:

Møte kl 11: Sang av Varhaug minikor

Aktiviteter for barna

Familiemøte kl 13.30: Ingunn Moi taler , sang av Vigrestad Barnekor

Begge dager: åresalg og basar,

salg av bakst,

grønnsaker, grønt og mye mer.

Matsalg i kjelleren





Tirsdag 01. des kl 17.00 - 20.00

Kl. 17.00-19.00:

Julemarked med salg av middag, julekaker,m.m, lynlodd og hovedtrekning.

Kl.19.00: Konsert

imf Rogaland

JULEMESSE

Varhaug misjonshus,
13. og 14. november 2026

FREDAG:

17.30: Matsalget startar. Sal av gryterett, pølse i brød, dessert, kaker og kaffi.
19.00: Møte med Kristian Birkeland.
Song: Horisont
Etter møtet vert det varesal og kafeteria. Årtrekning.

LAURDAG:

11.00: Møte med Torbjørn Hovland
Song: Anne Birgitte med venner
Etter møtet vert det varesal og kafeteria med sal av lasagne, graut, dessert, kaker og kaffi. Årtrekning.
14.00: Familiemøte med Marie Eggebø Stokke Song : Varhaug minikor.

Hovudtrekning og Barnetrekning.

VELKOMMEN!

Misjonssambandet

Misjonssambandet

Klipp her

Skriv namnet ditt her og lever lappen i tønna på julemessa. Då er du med i trekninga av eit gåvekort på 1000 kr. frå Fargerike Halvorsen, Spar Varhaug eller Coop Varhaug.

Namn: _____ Tlf: _____

Velkomen til julemesse

på Varhaug Misjonshus
20. og 21. november

FREDAG

18.00 Kveldsmat

Gryterett, kaffi og kaker.

19.00 Møte

Misjonskorpset (NMS), Egersund vert med.
Kafé og varesal etter møtet.
Åretrekning ca. kl 20.30.

LØRDAG

11.00 Møte

Andakt av Svein Ragnvald Tjora.
Song av Varhaug ungdomskor.
Kafé (inkl. hamburger og graut) og
varesal etter møtet.
Åretrekning ca. kl 13.00.

13.30 Familiemøte

Fredrik Mersland vert med.
Song av Vikeså Soul Kids.
Barne- og hovudtrekning.

AH BYGG AS

AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

Tømmermann
Åsmund Skretting

4360 Varhaug - Tlf: 91 18 12 43

BØEN STORKIOSK
GATEKJØKKEN
Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99
Mandag - Torsdag: 10^{00} - 22^{00} Fredag: 10^{00} - 23^{00}
Lørdag: 09^{00} - 23^{00} Søndag: 10^{00} - 22^{00}

KJÆRNEBORING
BETONGSAGING
Rilling av spaltegulv. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utmeisling av fjos.
Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com

Erik Håland Maskin a.s

Mobil 970 55 500

SKAL DU GRAVE?
KONTAKT
ERLING
AUESTAD
MASKINENTREPENØR
VARHAUG
Alt innen graving
Tlf. 51430878
Mobil. 97197815



FK butikken
– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varaug
Tlf. 51 77 14 70
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE

TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

LOTUS
BLOMSTER & GAVER


SPAR

SPAR VARHAUG
Tlf. 51 43 01 36
E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 06.30 - 21.00
(08.00-20.00)

SpareBank 1
SR-BANK

R. SKRETTING A/S
KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



VARHAUG
DAMEFRISØR

Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757

Varhaug
Park & Hage

Tlf: 51 43 59 00 e-post post@vph.no www.vph.no

Murmester
Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid
Tlf: 992 50 989
Epost: post@waldeland-dubland.no

HUS • TILBYGG • REPARASJONER
Be om pristilbud på arbeid og materialer







Gud sin dynamitt kan frelsa kvar den som trur!

Per Åge Skretting

- Mellom 80 og 100 ungdommar møtte på ungdomslaget 19. september.

- Rom. 1,16: For eg skammar meg ikkje over evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, jøde først og så grekar.

- 1. Mos. 16: «Du er ein Gud som ser meg.»

NLM hadde møteveke i september der Boliviamisjonær i 5 år, Preben Solvang talte. Han bur i Norge nå, og tek forkynnaroppdrag mm. Han talte på møta, ungdomslagmøte på laurdagskvelden og på gudstenesta på søndagen.

Han fortalte spennande frå Bolivia. For ungdommane poengterte han at Guds ord er ei kraft til frelse for kvar den som trur. Då han var misjonær i Bolivia, budde han i ein gruveby 4-tusen moh. Ein gong fekk dei besøk frå Norge, ungdommar frå Fjellheim bibelskule. Han tok dei med inn i gruvene. Då tok ein av ungdommane med seg ein dynamittkubbe utan at nokon visste om det. Då dei reiste vidare dagen etterpå, sa ungdommen frå at han hadde lagt igjen dynamittkubben på eit bord på rommet. Han våga ikkje ta den med seg. Dette førte til mykje styr. Preben var livredd at kubben skulle gå av, så han kontakta ein kjenning som jobba i gruva. Han tok seg av kubben, og dermed var faren over.

Det greske ordet for kraft, er dynamitt.

Du er ein Gud som ser meg.» seier Hagar i 1, Mos. 16. Gud er ein gud som ser deg. Han ser deg nå! Jesus gjekk i døden for deg på korset. Han bryr seg om deg!

Ungdommane følgde godt med, og når han etter 16 minutt slutta av, applauderte ungdommane.



Livet er ei gåve frå Gud!

Per Åge Skretting

- Joh. 10,10: Tjuven kjem berre for å stela, drepa og øydeleggja. Eg er komen for at de skal ha liv og overflod.

- Jesaja 43,1: Ver ikkje redd! For eg har løyst deg ut, eg har kalla deg ved namn, du er min.

Imf hadde møte/basarveke i begynnelsen av september. Arne Arnesen, fiskar og emissær frå Flekkerøya ved Kristansand, talte på møta, basar, ungdomslagmøte og gudstenesta på søndagen.

Arne talte til dei 80 ungdommane på ungdomslagsmøte den 5. september. Han poengterte at livet er ei gåve frå Gud og fortalte frå eigen ungdom og eigne val i ungdomstida. Han sa farvel til Gud.



Eit bibelvers som bestemora hadde på veggen sin, fekk avgjerande betydning for Arne. Det var sitat frå Jesaja 43,1. Han sa: Takk Jesus, og vart ein glad og lukkeleg kristen.

Ungdommane følgde godt med, og når han etter 18 minutt slutta av, applauderte dei 80 ungdommane.

VoldenTollefsen AS

Rådhusgt. 2A, 4360 Varhaug

Tlf. 51 47 22 00 / www.voldentollefsen.no

Speidar-arbeid på Varhaug



Kristian Skrettingland

Det har vore speidararbeid på Varhaug i mange år. Andrew Skaar starta 1. Varhaug KFUM speidartropp for gutar i 1950 og dreiv dette arbeidet til han slutta av og Per Åge Skretting overtok som gruppeleiar i 1977. Eg var med frå 1977 til 1986. Begge hadde gått i «lære» hos Skaar på 60-talet.

Dagfrid Bekkeheien Skrettingland starta opp Varhaug KFUK jentespeidar i 1986. Ho var gruppeleiar for jentene til Åse Marie Varhaug overtok i 2012.

Då Per Åge gav seg som gruppeleiar for gutane i 2007, overtok Andre Vagle. Åse Marie og jentene slo seg saman med gutane til ein KFUK-KFUM speidartropp. Nå er Andre Vagle leiar for denne gruppa i lag med Lars Kristian Håland.

Speidararbeidet har variert litt opp gjennom åra. I periodar har det vore mange medlemmar i speidaren, andre gonger færre.

Me har hatt ein prat med Andre Vagle som driv arbeidet i dag. Han fortel at det nå er 17





Andre Vagle

medlemmar, og at det ein fin og positiv gjeng som har det veldig gildt i lag. Dei har lager for utstyr på Misjonshuset, men på samlinga er dei mest alltid ute. Dei har samling annankvar onsdag og då møter dei opp på vekta på Ånestad der Andre har bygd ein gapahuk, slik at dei kan ha tak over hovudet dersom det regnar altfor mykje.

Møta startar med ein kort andakt. Fast på programmet er bål og kos med grilling med marsmellows eller pølse. På samlingane lærer dei speidaraktivitetar og nyttig ting.

MALER OG GOLVLEGGER
Jæren GulvAS
Varhaug • Tlf. 488 48 700



Det er førstehjelp, kart og kompass, tau og knutar, pionering (bygging), brannsikkerhet, pakking av sekk, berre for å nemna litt.
Dei kan ha samling i Odlandsskogen eller Sveineskogen. Ofte er dei på dagsturar. For eksempel til røvarhola på Hellvik, der det vert sagt at meistertjuven Ole Høyland gøymde tjuvegods. I haustsemesteret er det nattløp, ein patruljekonkurranse, eit fast innslag.

Speidaren på Varhaug samarbeidar med speidaren i Stokkelandsmarka. I vårsemesteret er dei med på gudsteneste i kyrkja med speidarsamling etterpå. Om sommaren reiser dei på leir, landsleir eller kretsleir. Komande sommar er det kretsleir i Sokndal. Speidarane på Varhaug har delteke på fleire leirar utanlands, to gonger i Danmark og to gonger i England. Elles deltek speidarane på 17. mai med ansvar for heising og firing av flag i stasjonen. Så går dei først i 17. maitoget og er med og set sitt preg på feiringa.

Speidararbeid har det som nemnt vore på Varhaug lenge. Lukke til vidare med arbeidet til Andre Vagle og dei som er med nå!

VIGRESTAD BYGG

Sentrum Menighet Varhaug

Tom Magne Ueland

Menigheten, som har tilholdssted på Varhaug Misjonshus, har som visjon «Saman gjennom livet med Jesus i sentrum». Vi er en menighet som er tilsluttet de fire eierorganisasjonene på Misjonshuset, og holder jevnlige møter på misjonshuset, med gudstjeneste kl. 11:00 søndag i partallsuker, og kveldssamlingen SUNDAG kl. 19:30 i oddetalsuker.

Sentrum Menighet har visjonen «Sammen gjennom livet med Jesus i Sentrum». Vår visjon innebærer at menigheten skal kunne være til stede i de ulike fasene av livet. Derfor er vi veldig glade for å kunne arrangere dåpsgudstjenester i regi av Sentrum Menighet.

Til nå i år har vi hatt tre gudstjenester med dåp, der vi har fått lov å bære fram:

- David Vågsvoll - født 31.03.26 - døpt 24.05.26. Foreldre: Ingrid og Martin Vågsvol
- Solvor Vikeså - født 16.02.26 - døpt 14.06.26. Foreldre: Henriette og Morten Vikeså
- Mie Reilstad - født 26.04.26 - døpt 06.09.26. Foreldre: Helga og Rikard Reilstad

Varhaugmarken og Hele Varhaug Ber

I starten av juni hadde vi, i lag med Varhaug Kyrkje (DNK) og Varhaug Misjonskirke, felles stand og gudstjeneste på Varhaugmarken. Uka etter gjennomførte vi Hele Varhaug Ber, med bønn 24 timer i døgnet fra tirsdag til søndag. Vi er svært takknemlige for innsatsen som ble lagt ned i denne perioden, både praktisk, og i bønn for bygd, land og resten av verden. Det bes fortsatt 24/7 i ulike forsamlinger og menigheter i hele Norge.

Ønsker du å vite mer om dette, eller hvor en nå har bønnedøgn, så kan du gå inn på nettsiden utsendt.no/helenorgeber for mer informasjon.

Det er også faste bønnemøter hver tirsdag på Varhaug Misjonshus kl. 20.30 i bønnerommet.



FARGERIKE

FARGERIKE HALVORSEN
Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

jæren sparebank

Leverandør av trelast og bygningsartikler

PARTNER TRE
TRELAST OG BYGGEVARER ENGROS
Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbø
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

Regnskapsfirmaet på Jæren
Besøksadresse: Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug. (2 etg på Stuelandsbygget)
Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug

JÆRØK
www.jarok.no
post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66
MEDLEM REGNSKAP NORGE

KAY'S
BETONGSAGING AS
• Kjerneboring
• Meisling
• Minigraver
NÆRBØ
Tlf. 908 37 365

JÆRBU
GJØDSELPUMPE
Ole G
Nord-Varhaug & Co a·s
Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no
• SERVICE • DELER • REPRASJONER

Konfirmant 2027

Vi er takknemlige for at vi får anledning til å drive konfirmantarbeid i regi av Sentrum Menighet. I høst startet 21 konfirmanter med tur på Jærgårds 21. august. Annenhver mandag fra og med 31. august har konfirmantene undervisning på ungdomsloftet på Varhaug Misjonshus, i tillegg til weekend på Tonstadli og Solgry i løpet av konfirmasjonsåret. Søndag 18. oktober var det gudstjeneste med presentasjon av konfirmantene. Konfirmasjonsgudstjenesten blir den 24. april 2027.



Bak fra venstre: Vegard Varhaug, Bertinius Mattingsdal, Oskar Vatne Dyngeland, Kaleb Ekroll, David Rasmussen
Midt fra venstre: Levi Skrettingland, Gabriel Horpestad, Jonatan Braut, Tonette Ueland, Selma Erga, Sara Skretting, Gunn Risa, William Lerbrekk
Framme fra venstre: Hans Erga, Jonas Skrettingland, Edvard Undheim, Silvie Vik, Andrea Skretting, Maria Håland, Hannah Odland. Ikke tilstede på bildet: Kine Auestad

Awana

Awana arbeidet er en viktig del av Sentrum menighet sitt tilbud om trosopplæring. Awana er samtidig med våre gudstjenester, utenom generasjonsgudstjenester. I høst er det gjort endringer angående romfordeling for de ulike gruppene, se plakaten her, og les gjerne mer om om arbeidet her: sentrum-menighet.no/barn-og-unge/awana →



Seminar i lag med Varhaug Kristelige Ungdomslag

Lørdag 12. september arrangerte Varhaug Kristelige Ungdomslag i lag med Sentrum Menighet seminaret: Påvirkning, verdier, skam og grenser. Seminaret ble holdt av Kristine Omdal fra organisasjonen HeltFri.no. Seminaret var særlig rettet mot ungdom, men alle var velkommen. På seminaret var en innom spørsmål som: Hva gjør påvirkning med oss? Sjefen for Netflix uttalte i 2017 at deres største konkurrent er søvn. Hvilke verdier rokkes ved i dagens samfunn? Hva gjør dette med vår skam? Kan det settes grenser og påvirkes til det bedre? Har Bibelen klare grenser på alt?

Kristine Omdal var også med og talte på ungdomsmøte lørdag kveld, og SUNDAGssamlingen søndag kveld.



Kristine Omdal – rådgiver i Heltfri.net



Ungdomsmøte lørdag kveld.

SUNDAGsmiddag

En gang hvert semester arrangerer komiteen i SUNDAG middag før møtet samme kveld. Da samles vi i hjemmene, spiser middag i lag og blir bedre kjent med hverandre. Til SUNDAGsmiddag kan en både melde seg på som vert, der en lager mat og får besøk, eller gjest, der en kommer til dekket bord. Søndag 27. September var det 40 stk som var med på middag, fordelt 3 i ulike hjem. Bli med du og på neste SUNDAGsmiddag.



Dessert etter en god middag hjemme hos Tone Elin og Toralf Liene

Menighetsweekend på Tonstadli

Nyåret 2027 samles vi igjen til menighetsweekend 22. – 24. januar på Tonstadli ferie, kurs og misjonssenter. Denne helgen har vi fått med oss Arne Kristian Helgøy til å ha bibeltimene, og det vil samtidig være egne Awana samlinger. Weekenden er for alle i alle aldre, og alle er velkommen. Påmelding, se nettsiden sentrum-menighet.no



Småbarnstreff


Torsdag 15.oktober startet vi opp med Småbarnstreff i kjelleren på misjonshuset. Det vil være hver torsdag fra 08.30-12.30. Her kan du som foreldre eller besteforeldre komme med barnet/barnebarnet ditt og få en kjekk og sosial formiddag sammen med andre. Her vil vi leke masse, ha samlingsstund, tilby formingsaktiviteter og spise lunch sammen (medbrakt). Kaffe serverer vi. Vi har og et rom hvor de aller minste kan få hvile, hvis det trengs. Håper veldig på å se dere! Ta kontakt om du lurer på noe. Alle er hjertelig velkommen!



Sentrum Menighet har et bredt arbeid, for alle aldre i løpet av en uke. Med blant annet Homlebølet, Ung-Voksen Sentrum, Fres, Alpha kurs og andre arrangementer og møter. Velkommen til våre samlinger, og ta gjerne kontakt med oss.

Tekst: Tom Magne Ueland, Annette Sommerseth Auestad og Gina Ueland.

Graut i løa



Det vert også i år samling med servering av graut i løa til Hanne og Arild Helland. Det skjer etter gudstenesta på Varhaug misjonshus sundag 13.desember.

Velkommen liten og stor til treff med leik i høyet, god graut og gang rundt juletreet!


Sentrum Menighet
Velkommen til Julegrantenning på Varhaug
Fredag 27. November
Kl. 17:30
ved rådhuset
Det blir gang rundt treet
og nissen kommer på besøk


Søndag 20. Desember kl. 17:00
Vi synger jula inn
Varhaug Misjonshus
For heile familien,
alle er veldig velkomne!
Minikoret, Ungdomskoret,
allsang og juleevangeliet
Sentrum Menighet



TEMA 2026:

KRISTNE SOM MÅ MØTES I SKJUL

26.november 2026

Nærbø



Mi bok



Sjur Håland

Det er berre å beklaga. Denne bokmeldinga kjem ikkje til å bli som dei andre gode tekstane i «Mi bok»-serien. Det er ikkje sikkert at den blir god ein gong. Det er jo gjerne slik med bøker også. Du kan gje ei bok terningkast seks, medan eg får nok etter to sider. Me er ulike. Det gjer ingen ting.

Eg er i alle fall ulik. I heimen blir eg omtala som «sær» når det gjeld val av lesestoff. Og det er sikkert rett. I det siste har eg lese Historien om Spania av Herman Lindqvist. Eg har også lese to bøker om Russland si historie av Halvor Tjønn. Når ein les historie, dukkar kristendommen og trua opp nesten overalt. Det er kanskje ikkje så rart. I hundrevis av år har trua vore ein del av kvardagen til folk. Ho har forma både menneske og samfunn. Skal me forstå historia, må me også prøva å forstå kva menneska trudde på og korleis dei levde. Så ja, eg har blitt sær med åra.

Uansett kva sjanger du likar. Å få lov til å vera ein boklesar er eit privilegium. Eg skal slett ikkje påstå at det var frie tøylar heime hjå oss, men lesegleda fekk eg inn med morsmjølka. Eg er blant dei privilegerte som vart lesen for før eg lærte å lesa sjølv. Og eg var ikkje gamle karen før eg svelgde bøker som De elendige av Victor Hugo og Greven av Monte Cristo av Alexandre Dumas. I tillegg sytte foreldra mine for at eg fekk min eigen bibel og illustrerte bøker bygde på forteljingane i Bibelen.

Manglande lesekunnskap blant unge har vore eit tema i det siste. Utviklinga er skremmande, og det er å håpa at trenden kan snuast. Ikkje berre handlar det om å finna verdien av å lesa, utanom alt det sosiale medium byr på av vondt og godt. Lesing handlar om å utvikla seg som menneske. Å få livsviktig næring til vår eigen fantasi. Vår sjel og mentale utvikling.

Lesegleda er utviklande og grunnleggjande for å forstå samanhengane i samfunnet me lever i, og korleis me har kome dit me er i dag.



Utvalet og mangfaldet i bøker og lydbøker er enormt. Å kjenna andre som les, gir høve til å utveksla erfaringar og tips. Det var slik eg kom over den danske forfattaren med røter i Norge, Kim Leine. Storverket hans om den unge danske presten Morten Falck, som reiser til Grønland på slutten av 1700-talet, er nok den boka som har gjort sterkast inntrykk på meg dei siste åra. Profetene i Evighetsfjorden er basert på verkelege hendingar. Leine fekk Nordisk råds litteraturpris for boka.

Så då er det vel berre å ønskja alle gode leseopplevingar gjennom vinteren. Ei god bok gir både lys og varme, om det er aldri så mørkt og kaldt ute.

Og lite er så stort som å få eit barnebarn med ei bok på fanget. Dei turane inn i fantasien si fargerike verd er gull.



Der meisteren vandra



Per Åge Skretting

- Ein merkeleg dag. Blikket frå Jesus blir avgjerande og livsforvandlande.

Eit avsnitt frå boka til Arne Lie «Om velsigning Godheit og Rettferd»:

«Så kom Jesus til Jeriko og drog gjennom byen. Der var det ein mann som heitte Sakkeus; og han var overtollar og svært rik. Han ville gjerne sjå kven Jesus var, men kunne ikkje koma til for folkemengda., for han var liten av vekst. (**Luk. 19,1-3**)

Jesus er på veg gjennom Jeriko. Mykje folk er samla i gatene. Jeriko var eit knutepunkt for ferdsel der fleire vegar møttest. Her låg tollstasjonen som tok inn toll og avgifter frå reisande som skulle vidare til Judea. Sakkeus var mannen som hadde ansvaret for tollstasjonen. Det var ingen lett jobb å ha. Ein tollar hadde ikkje noko godt ord på seg. Tollarar og syndarar var eit omgrep som vart brukt. Jødane meinte tollarane la høge avgifter på folk som dei sjølve tente seg rike på.

Kvifor våga Sakkeus seg ut på ein slik dag – med mykje folk i gatene? Var han nysgjerrig på kven Jesus var? Var han trøytt av jobben sin og av all rikdommen han hadde skaffa seg på uærleg vis? Sakkeus sprang forbi folkemengda. Han klatra opp i eit mobærtre, for han var liten av vekst.

Då skjer det noko som overraskar. Jesus ser over den store folkemengda der han går på vegen. Han får auge på Sakkeus i morbærtreet. Han roper til han: Kom ned Sakkeus! Du treng ikkje skjule deg. Eg veit kven du er. Ja, eg veit alt om deg.

Menneske opplever mange viktige augeblikk i livet. Gode augeblikk. Magiske augeblikk. Augeblikk som blir avgjerande.

Sakkeus opplever eit slikt augeblikk. Det er det ein kan kalla for «eit kairos-augeblikk» Då han tek eit oppgjer med livet sitt. Jesu blikk får store konsekvensar.

Jesus viser Sakkeus oppmerksamheit. Han inviterer seg heim til han. Han skriv det ikkje inn i ei avtalebok. Nei, det må skje nå. Det er i dag han spør om å få kome. Sakkeus blir glad. Han skundar seg ned frå treet og tek imot Jesus med glede.

Og Sakkeus er meir enn førebudd. Han opnar døra for Jesus. Han tenkjer ikkje som oss: at





huset må vera reint og maten vere på bordet. Det må bli ein dag i neste veke. Nei, det er i dag han kjem på besøk!

Sakkeus legg seg flat. Han innrømmer alt. Han vil gi halvparten av alt han eig til dei fattige. Har han truga pengar av nokon, vil han gi dei fire gonger så mykje tilbake. Han vil leve nytt. Han klarer ikkje å leve med uretten lenger. Møtet med Jesus forandrar livet hans. Ei bør fell frå skuldrene. Det skjer noko med skamma han ber på. Han blir fri. Ei ny glede blir skapt. Nye verdiar kjem inn i livet hans. Frelsa får følgjer for Sakkeus. Jesus seier: «I dag er frelse komen til dette huset»

Ein merkeleg dag. Blikket får Jesus blir avgjerande og livsforvandlande.»

Om det er nokon som ynskjer boka, så kan de ta kontakt på tel. 900 58 503

Så langt Arne.

Jeriko er av mange rekna som den eldste byen på jorda. Byen ligg i Jordandalen, 250-260 m under havnivå, ikkje langt frå Dødehavet. Arkeologar har gjort funn som er tidfesta til for over 11 tusen år sidan.

Bymurane på Josva si tid, rundt 3400 år sidan, er verdskjente.

- Israelittane gjekk rundt byen ein gong i seks dagar. Den sjuande dagen gjekk dei sju gonger rundt bymuren. Prestane bles i horn, og folket ropte høgt. Då fall Jerikos murar. (Josva 6)
- Ei kvinne som heitte Rahab, budde rett på innsida av bymuren. Ho hjelpte dei hemmelege speidarane frå Israel. Som takk vart ho og familien hennar redda då byen vart øydelagt. (Josva 2 og 6)

Prisar for leige av Misjonshuset

org nr. 974 923 319

Gjeld frå 1. mars 2026

Betaling til konto nr: 3335 11 24011 ---------- eller ein kan nytte VIPPS nr 538580	**Kristelege arrangement**		**Anna bruk**	
	Eigarorganisasjonane (NMS, IMF, NLM, Normisjon)	**ANDRE**	**SELSKAP, GRAVFERD, o.l.**	**FAGMØTE** handelslaget o.l.
Møtesal	500	800	1300	2500
Minglerom 6)	200	300	500	700
MATSAL 1)	400	600	1200	1600
Kjøkken 2)	300	500	1200	1600
Ungdomssal	400	600	1200	2000
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	200	200	200
Møterom A 4)	300	300	400	400
Møterom B 4)	200	200	300	300
Møterom C 4)	100	100	200	200
Barnekjeller 5)	500	500	500	500

Merknad
1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
3): gratis for bønnemøter
4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.
5): Ved leie av kjeller er det skoforbud, og det skal ryddast og vaskast etter bruk. Pris er justert til kr 500 for alle, og det innføres begrensning, slik at ikke mer enn **30** personer tillates ved leie.
6): Ved bruk av møtesal inngår minglerommet.

Priser for spesielle arrangementer:

1.Konfirmasjon/ selskap/BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal og ungd.sal: kr. 5000 *)
2. " « « : bruk av bare kjøkken og matsal kr. 2400 *)
3. Selskap med matsal, kjøkken og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup i pkt 1.)*
*): Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på sundag	1200	1300
Møteveke med fest på sundag	1600	2100
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	9000	--------
Basar (med tillaging dagen før)	1500	1500

NYTTÅRSFEST, heile huset, med tillaging 28-30/12 kr. 3000 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris pr stk	andre tenester	Pris pr time
Dukar (lin)	kr. 150.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200
Dukar (teflon)	kr. 100.		
Dukar (velour)	kr. 50.		
Bord (matsalbord til private selskap)	kr. 40.		
Stolar (matsalstolar)	kr. 10.		

Det skal nå ikkje betalast 5% av omsetnad..

Faste arrangement

Dag	Arrangement kontakt telefon	Tidspunkt	Rom
Mandag	Minikor Marie Vatne Dyngeland 98817527	1700-1745	Møtesal
Mandag (oddetall)	Yngres- og ungdomskor Anne M. Fauskanger 48266184	1815-1915	Møtesal
Tirsdag	Homlebølet Kjellaug L. Røynås 92233840	0900-1100	barnekjeller
Tirsdag	Fysioterapigrupper Geir Ove Buøy 93210886	1030-1530	Matsal
Tirsdag	Bønnesamling Terje Bøe 90519422	2030-2130	ungdomssal / bønnerom
Tirsdag	SUNDAG lovsangsgruppe Helga Bøe Reilstad 90678988	1900-2130	Møtesal eller ungd.sal
Onsdag	UL-Lovsangsgruppe Christina Skrettingland 48332331	1830-2100	møtesal eller ungd.sal
Onsdag (oddetall)	Ungdomskor Maren Aanestad 98199454	1800 - 2000	Ungdomssal
Onsdag (annan kvar)	Speideren, 5.kl og opp André Vagle 48145331	1900-2030	Ute
Torsdag	Småbarngruppe Annette Auestad 47636941	0830-1230	Barnekjeller
Torsdag	UL-Lovsangsgruppe Mikala Hobberstad 94826515	1800-2000	møtesal eller ungd.sal
Fredag	Ope hus Kristian Skrettingland 47355099	2000-2330	ungdomssal
Lørdag	Ungdomslaget Christina Skrettingland 48332331	2000	ungd.sal (eller møtesal)
oppdatert 19/8-2026	ser du feil så meld til misjonshuset med e-post post@varhaug-misjonshus.no		

Oppdatert oversikt over møter framover er å finna på nettsida:
www.varhaug-misjonshus.no Klikk på møteplan og så møtebok.

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2026-2027

namn/tlf *(varamann i parantes)*	Vekenummer og dato							
Loyd Ånestad	**2**	**10**	**18**	**26**	**34**	**42**	**50**	**5**
915 39 216	**5/1**	**2/3**	**27/4**	**22/6**	**17/8**	**12/10**	**7/12**	**1/2**
(Asbjørn Fauskanger 94157641)								
Andreas Rasmussen	**3**	**11**	**19**	**27**	**35**	**43**	**51**	**6**
957 68 809	**12/1**	**9/3**	**4/5**	**29/6**	**24/8**	**19/10**	**14/12**	**8/2**
(Kristian Skrettingland 91375393)								
Per-Arvid Jakobsen	**4**	**12**	**20**	**28**	**36**	**44**	**52**	**7**
926 17 652	**19/1**	**16/3**	**11/5**	**6/7**	**31/8**	**26/10**	**21/12**	**15/2**
(Kristian Skrettingland 91375393)								
Asgeir Lima Olsen	**5**	**13**	**21**	**29**	**37**	**45**	**53**	**8**
958 49 940	**28/1**	**23/3**	**18/5**	**13/7**	**7/9**	**2/11**	**28/12**	**22/2**
(Martin Dyngeland 97055506)								
Glenn Skretting	**6**	**14**	**22**	**30**	**38**	**46**	**1**	**9**
993 02 566	**2/2**	**30/3**	**25/5**	**20/7**	**14/9**	**9/11**	**4/1**	**1/3**
(Åge Skrettingland 90939439)								
Grethe Håland	**7**	**15**	**23**	**31**	**39**	**47**	**2**	**10**
936 74 616	**9/2**	**6/4**	**1/6**	**27/7**	**21/9**	**16/11**	**11/1**	**8/3**
(Leif Nord-Varhaug 91192055)								
Georg Høien	**8**	**16**	**24**	**32**	**40**	**48**	**3**	**11**
414 74 560	**16/2**	**13/4**	**8/6**	**3/8**	**28/9**	**23/11**	**18/1**	**15/3**
(Reidar Varhaug, 90890978)								
Tarald Ånestad	**9**	**17**	**25**	**33**	**41**	**49**	**4**	**12**
906 37 516	**23/2**	**20/4**	**15/6**	**10/8**	**5/10**	**30/11**	**25/1**	**22/3**
(Ståle Ånestad 94885541)								

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.
Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,
I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

Styret for Misjonshuset.
(ajour 31/1-2026)